Fra: Borsheim, Linn[fmrolbo@fylkesmannen.no]
Dato: 17.09.2014 12:32:00
Til: Arne Bergsvåg; Bente Bondhus; Inghild Vanglo; 'Jenny Følling '; 'Marit Barsnes Krogsæter (Marit.krogsater@sfj.no)'; Nils P. Støyva ; 'Noralv Distad (noralv.distad@sfj.no)'; Oddny Omdal; Svein Bringsjord; Sveinung Valle
Kopi: Austbø, Per Kristian; Ankarstrand, Vegard; rein-arne.golf@miljodir.no; jon.erling.skatan@miljodir.no; Mjelstad, Hermund; Aarø, Jørgen; Punsvik, Tor; 'jan.paul.bolstad@miljodir.no'; 'merete.stofring@bondelaget.no'; 'leder.rogaland@sauoggeit.no'; 'agder@bondelaget.no'; 'Trude.Lien@mattilsynet.no'; 'malma@mattilsynet.no'; 'rogaland@bondelaget.no'
Tittel: Telefonmøte i nemnda avlyst - vedlagt informasjon knytt til agendaen

---

Hei!
Møtet i dag måtte avlysast grunna tekniske problem. Vedlagt fylgjer i staden skriftlege kommentarar til dei ulike punkta på sakslista, frå leiar av nemnda. Sjå vedlegget «Til nemnda».

Med helsing

Linn Borsheim
for sekretariatet i region 1

Fylkesmannen i Rogaland
Landbruksavdelinga

Epost: linn.borsheim@fylkesmannen.no
Telefon: 51 56 89 24 (direkte), 51 56 87 00 (sentralbord)
Telefaks: 51 56 88 11
Adresse: Postboks 59, 4001 Stavanger

http://www.fylkesmannen.no/Rogaland

---

**Fra:** Borsheim, Linn
**Sendt:** 12. september 2014 12:58
**Til:** Arne Bergsvåg; Bente Bondhus; Inghild Vanglo; 'Jenny Følling '; 'Marit Barsnes Krogsæter (Marit.krogsater@sfj.no)'; Nils P. Støyva ; 'Noralv Distad (noralv.distad@sfj.no)'; Oddny Omdal; Svein Bringsjord; Sveinung Valle
**Kopi:** Austbø, Per Kristian; Ankarstrand, Vegard; rein-arne.golf@miljodir.no; jon.erling.skatan@miljodir.no; Mjelstad, Hermund; Aarø, Jørgen; Punsvik, Tor; 'jan.paul.bolstad@miljodir.no'; 'merete.stofring@bondelaget.no'; 'leder.rogaland@sauoggeit.no'; 'agder@bondelaget.no'; 'Trude.Lien@mattilsynet.no'; 'malma@mattilsynet.no'; 'rogaland@bondelaget.no'
**Emne:** Innkalling til møte i rovviltnemnda 17.09.2014

Hei!
Vedlagt innkalling med saksframlegg til telefonmøte i rovviltnemnda 17.09.2014.

Fint om eg får beskjed dersom nokon oppdagar manglar i adresselista.

Med helsing

Linn Borsheim
for sekretariatet i region 1

Fylkesmannen i Rogaland

Landbruksavdelinga

Epost: linn.borsheim@fylkesmannen.no
Telefon: 51 56 89 24 (direkte), 51 56 87 00 (sentralbord)
Telefaks: 51 56 88 11
Adresse: Postboks 59, 4001 Stavanger

http://www.fylkesmannen.no/Rogaland

**Fra:** Distad Noralv
**Sendt:** 17. september 2014 11:35
**Til:** Borsheim, Linn
**Emne:** VS: Referat og konklusjon frå møte om rovviltskade i beiteområde i Årdal-Lærdal
**Vedlegg:** Referat og konklusjon frå møte om rovviltskade i beiteområde i Årdal-Lærdal.doc.pdf; Rovviltskade i beiteområde i Årdal og Lærdal - framlegg til tiltak.doc.pdf

---

**Fra:** Magnhild Aspevik
**Sendt:** 17. september 2014 11:08
**Til:** 'postmottak@lmd.dep.no'; 'post@miljodir.no'
**Kopi:** Alf Olsen jr; Noralv Distad; 'Mjelstad, Hermund'
**Emne:** Referat og konklusjon frå møte om rovviltskade i beiteområde i Årdal-Lærdal

Me syner til vedlagte saksdokument som berre vert sendt elektronisk.

***Helsing***

***Lærdal kommune***
***Magnhild Aspevik***
***Felles landbrukskontor ÅLA***
***landbrukssjef***
***Tlf 57641223***

***magnhild.aspevik@laerdal.kommune.no***

**Fra:** Distad Noralv
**Sendt:** 17. september 2014 11:34
**Til:** Borsheim, Linn
**Emne:** Til nemnda
**Vedlegg:** Leiar rovviltnemnda - notat.docx

Til nemnda:

På grunn av dei tekniske problema, kunne me ikkje gjennomføra møtet.
Eg legg her fram mine vurderingar knytt til dei ulike sakene.

Sak 11/14

Vedlagt eit notat med leiar si vurdering av situasjonen (vedlagt dei brev/dokument som er nemnde i notatet).

Sak 12/14
Saka kan verta teken opp på kort varsel.

Sak 13/14
Slik situasjonen no er med store rovdyrskader og forvaltningsutfordringar i Sogn og Fjordane, finn eg det tenleg å leggja sekretariatet til dette fylket.

Nestleiar Oddny Omdal møter i Klima- og miljødepartementet 24. september til drøfting av jerveforvaltninga i Sør Norge.
Leiar møter i departementet 25. september om sekretariatet.

Mvh

Noralv Distad
Leiar

# Felles Landbrukskontor ÅLA

Lærdal, 16.09.2014

Klima- og miljødepartementet
Kongensgt 20
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

| Vår ref. | Dykkar ref. | Sakshandsamar | Arkiv |
|---|---|---|---|
| 12/397-11 | | Magnhild Aspevik, 57 64 12 23 | K2-K40 |

## Rovviltskade i beiteområde i Årdal og Lærdal - framlegg til tiltak

Måndag 15.september 2014 vart det skipa møte om den alvorleg situasjonen i fjellbeiteområda i kommunane Årdal og Lærdal. Det var brei deltaking på møte.
Bakgrunn for møte var at det i årets beitesesong er påvist sau drepen av jerv. Det er grunn til å tru at tapa er svært store, fleire hundre sau.

På møte vart det gjennomgang av situasjonen, og møte kom fram til **fylgjande konklusjon:**

Møte var samd i at rovdyrforliket som Stortinget har vedteke ikkje er oppfylt.

Det er svært store og uakseptable tap i 2014. Pr i dag er det grunn til å tru at mange hundre sau er drepe av jerv i kommunane Stryn, Luster, Årdal og Lærdal. Det var fleire jervar i Region 1 ved beitestart, og dermed var det eit stort skadepotensiale. Dette er i strid med forvaltningsplanen si målsetting om at det ikkje skal vera skadelege rovdyr ved beitestart.

Det treng kortsiktige og langsiktige tiltak for å oppfylla rovdyrforliket. Myndigheitene må ta ansvar for dette no. Det må og utførast eit samla politisk press frå heile Region 1, slik at tiltak vert sett i verk for å gjennomføra rovdyrforliket.

**Framlegg til tiltak:**
- Flytting av grense i Region 3 for ynglande jerv. Slik at det vert ei nødvendig buffersone mellom beiteprioriterte område og område der det skal vera ynglande jerv.
- Lisenskvoten må takast ut.
- Miljødirektoratet må gje Statens Naturoppsyn i oppdrag å starte ekstrauttak av jerv så tidleg som muleg, også i lisensjaktperioden.
- Meir ressursar til sporing og registrering av jerv, også på individnivå. Oppdrag til Statens Naturoppsyn.
- Legge betre til rette for lisensjakt med kameraovervaking, bruk av snøscooter og åtejakt med lys.
- Løyve til å bruk av jervebås med webkamera og sms/mms-varsling.
- Samarbeid med alle aktørar må verte betre. Statelege myndigheiter **må ta ansvar for koordinering både av registrering av jerv i beiteområda, uttak av jerv og når rovdyrskade oppstår** i beiteområda.

Adresse: Postboks 83, 6886 Lærdal Telefon: 57641200 Giro: 3838 07 60328 Epost: post@laerdal.kommune.no
Besøksadresse: Øyraplassen 7 Telefax: 57641201 Org.nr. : 954681890 Heimeside: www.laerdal.kommune.no

Med helsing

Magnhild Aspevik
landbrukssjef
sign

**Kopi til:**
Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v.Mjeldstad
Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v.Rekkedal
Rovviltnemnda Region 1
v.Noralv Distad

**Situasjonen  med jerv i region 1 2014**

- Referat frå møte i Lærdal 15/9 2014
- Notat SNO
- Brev frå felles landbrukskontor ÅLA til Klima- og miljødepartementet
- Brev frå Sogn Regionråd til Klima- og miljødepartementet

**Leiar si vurdering av situasjonen og kva tiltak som bør setjast i verk. Det som er aktuelt å formidla i samtalar med departement, direktorat, berørte interesser og media**

Rovviltnemnda region 1 konstaterer at det i 2014 har vore svært store tap av sau , særleg i Indre Sogn. Det er dokumentert at tapa skuldast jerv.

Rovviltforliket slår fast at beitenæringa skal ha prioritet i Region 1. Det skal ikkje vera ynglande rovdyr i regionen.

Forvaltningsplanen slår fast at det ikkje skal vera rovdyr med skadepotensiale ved beitestart. Uttak er det viktigaste førebyggjande tiltak.

Ved beitestart var det det fleire jervar i området. Dette står i strid med målsetjingane i rovviltforliket og forvaltningsplanen.

Rovviltnemnda har fastsett ein kvote for lisensjakt på 8 jervar. Heile kvoten bør takast ut. Det er nødvendig at ekstrauttak tek til straks tilhøva ligg til rette for uttak, dvs i perioden for lisensjakt.

Vilkåra for lisensjakt må bli enklare, med kameraovervaking av jervebåsar og bruk av snøskuter til jaktområde.

Rovviltnemnda vil igjen understreka at grensa mellom beiteprioritert område og sone for jerv vert flytta til Ottadalføret som er ei naturleg grense.

17. september

Noralv Distad

# Felles Landbrukskontor ÅLA

Lærdal, 17.09.2014

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

,

| Vår ref. | Dykkar ref. | Sakshandsamar | Arkiv |
|---|---|---|---|
| 12/397-12 | | Magnhild Aspevik, 57 64 12 23 | K2-K40 |

## Referat og konklusjon frå møte om rovviltskade i beiteområde i Årdal-Lærdal

Sender vedlagt referat til orientering.

Ta kontakt med underteikna om det er spørsmål.

Med helsing

Magnhild Aspevik
landbrukssjef

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 16.09.2014 | Rovviltskade i beiteområde i Årdal og Lærdal - framlegg til tiltak | 88614 |

**Kopi til:**
Alf Olsen jr
Noralv Distad

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Landbruks- og matdepartementet | Postboks 8007 Dep | 0030 | OSLO |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |

# Felles Landbrukskontor ÅLA

Lærdal, 17.09.2014

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen

7485 TRONDHEIM

,

| Vår ref. | Dykkar ref. | Sakshandsamar | Arkiv |
|---|---|---|---|
| 12/397-12 | | Magnhild Aspevik, 57 64 12 23 | K2-K40 |

## Referat og konklusjon frå møte om rovviltskade i beiteområde i Årdal-Lærdal

Sender vedlagt referat til orientering.

Ta kontakt med underteikna om det er spørsmål.

Med helsing

Magnhild Aspevik
landbrukssjef

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 16.09.2014 | Rovviltskade i beiteområde i Årdal og Lærdal - framlegg til tiltak | 88614 |

**Kopi til:**
Alf Olsen jr
Noralv Distad

Adresse: Postboks 83, 6886 Lærdal Telefon: 57641200 Giro: 3838 07 60328 Epost: post@laerdal.kommune.no
Besøksadresse: Øyraplassen 7 Telefax: 57641201 Org.nr. : 954681890 Heimeside: www.laerdal.kommune.no

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Landbruks- og matdepartementet | Postboks 8007 Dep | 0030 | OSLO |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |

# Gaupe 2014.

## Estimert til ca. 300 stk.

**Mål: 65 kull. 2013: 53,5 kull**

STATENS NATUR OPPSYN






# Bjørn 2013.

## Minimumstall ved DNA 148 stk.

**Mål 13 kull med ungar. 2013 – 7 kull med ungar.**

STATENS NATUR OPPSYN



# Ulv 2012/13.

## ca. 30 ind. heilnorsk - 50 ind. felles med Sverige.

**Mål: 3 heilnorske ynglingar – 2013: 3 kull.**

**Skandinavia: ca 380 stk**

STATENS NATUR OPPSYN






# Jerv 2013.
## Estimert til ca. 350 stk.
**Mål: 39 kull. 2013: 44 kull.**






# Bestandovervaking Sogn og Fjordane 2014.

- **Jerv:** 32 ekskrementprøvar er innlevert for DNA-analyse. 2 prøvar er ikkje analysert enno. Styn og Ål.
- 9 ulike individ. 2 er tekne ut i ekstraordinært uttak, ind. 3589-ho, ny, 5736-hann ny. 1 trafikkdrept, ind. 5735-hann ny.
- Ind: **2869** hann ny, Sognefjellet.
- Ind: **3590** hann ny Fåbergstølsgrandane.
- Ind: **3591** ho ny, Mørkridsdalen.
- Ind: **3592** hann ny Mørkridsdalen.
- Ind: **3593** hann ny Rauddalen. Jotunheimen.
- Ind: **381** ho. Fåbergstølsgrandane. 2 prøvar.
  Tidlegare reg. Skjåk. Reg. 2010 -2014. 8 prøvar.
- **Lærdal/Årdal:** Sist reg. jerv april 2012. **Ind. 3502**. Teken ut i Luster 2013.
- Det er 5 kjente hiplassar i Sogn og Fjordane. Alle desse er overvaka i høve til gjeldane instruks for jerv i nasjonale overvakingsprogram.

# DNA-jerv.

**2014.**

STATENS
NATUR
OPPSYN



# DNA-jerv.

**2014.**

STATENS NATUR OPPSYN

rovbase30.miljodirektoratet.no/Contentpages/Kart.aspx?Arbeidsomrade=DNAProveinnlegging



STATENS NATUR OPPSYN

# Kadaversaker 2010 - 2014




| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| Jerv | 16 | 13 | 0 | 20 | 100 |
| Bjørn | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gaupe | 5 | 4 | 1 | 0 | 2 |
| Ulv | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Kongeørn | 11 | 12 | 13 | 11 | 11 |
| Ikkje rovvilt | 18 | 18 | 16 | 20 | 13 |
| Rev | 8 | 15 | 12 | 4 | 9 |
| Hund | 0 | 1 | 3 | 1 | 12 |
| Ulukke | 7 | 4 | 3 | 2 | 3 |
| Sjukdom | 1 | 0 | 0 | 1 | 4 |
| Ukjent | 65 | 90 | 55 | 51 | 61 |
| Anna | 1 | 3 | 0 | 0 | 0 |

# Skadedokumentasjon.
# Fjellområde Lærdal-Årdal.



# Jakt/uttak jerv 2000-2014.

**58 stk. 7 ved jakt, 1 nødverge,1 trafikkdrept, 1 ulovleg felling. 48 ved SNO.**



Det Kongelege klima- og miljødepartement

Postboks 8013 Dep.

0030 Oslo

postmottak@kld.dep.no

6868 Gaupne den 16.09.2014

**Fråsegn frå Sogn Regionråd om rovviltforvaltning i region 1 og 3**

Sogn Regionråd ser med uro på dei omfattande skadane jerv har påført sauenæringa i regionen siste 20 åra, ikkje minst inneverande beitesesong i Indre Sogn.

I følgje rovviltforliket og forvaltningsplanen for rovvilt i Region 1, som omfattar fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest- Agder, skal regionen i sin heilskap vera beiteprioritert. Det skal mellom anna ikkje tillatast ynglande jerv i regionen, kun streifdyr.

Tapstala i regionen alle desse åra er eit prov på at den utøvande rovviltforvaltninga har slege feil. Regionrådet meiner det er to hovudårsaker til det:

1. Samla tal ynglande tisper i landet er sleppt altfor høgt og ligg no langt over bestandsmålet
2. Soneforvaltninga har ikkje fungert

Me registrerer at Regjeringa har teke til orde for at det må bli ei tydelegare soneforvaltning av rovdyr, noko regionrådet fullt ut støttar. Rovviltproblema i Region 1 har vorte tydeleg forsterka etter at Region 3 i sin forvaltningsplan flytte grensa for si ynglesone heilt til grensa mot Region 1.

Det seier seg sjølv at det er umogeleg å handheva ulik forvaltning på kvar si side av grensa i eit høgfjellsområde. Samanstilling av DNA-registreringar dokumenterer at det er lita utveksling av individ over Ottadalføret, medan jervane i grenseområdet opererer like mykje på begge sider av grensa. Den einaste farbare vegen vil vera å flytta grensa mellom beiteprioritert- og rovdyrprioritert område tilbake til Ottadalføret.

Sogn Regionråd krev at Regjeringa no tek grep i rovviltforvaltninga:

1. Ved å påleggja SNO intensivert uttak av jerv på etterjulsvinteren for å bringa bestanden i landet totalt ned på vedteke bestandsmål
2. Syter for å flytta ynglesonegrensa for jerv i Region 3 tilbake til Ottadalføret

Med helsing for Sogn Regionråd

Ivar Kvalen

Ordførar Luster kommune